

**DOKTORAND:** Bård Drange  
**GRAD:** Philosophiae doctor  
**FAKULTET:** Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
**INSTITUTT:** Institutt for statsvitenskap  
**FAGOMRÅDE:** Fred- og konfliktstudier  
**VEILEDERE:** Helga M. Binningsbø og Jana Krause

**DISPUTASDATO:** 27. oktober 2023

**AVHANDLINGENS TITTEL:** *Colombia's relentless pursuit of justice: Wartime abuses, dynamics of violence, and justice outcomes*

### **Korleis påverkar valdsmønster institusjonar bygde for å adressere overgrep i krig?**

I væpna konflikter blir det gjort tallause overgrep. For å adressere desse overgrepa, blir det ofte oppretta institusjonar som sanningskommisjonar, reparasjonsprogram/oppreising til ofre, og tribunal for å halde dei skuldige ansvarlege. Dette var også tilfelle både under og etter den langvarige borgarkrigen i Colombia, og få rammeverk er så omfattande og innovative og tar like mykje omsyn til ofre som det colombianske frå 2016. Denne avhandlinga, levert av Bård Drange den 26 april 2023, undersøker korleis valdsdynamikk, eller valdsmønstre, påverkar opprettinga og gjennomføringa av desse institusjonane.

Avhandlinga bidrar mellom anna med ny innsikt om korleis valdsdynamikk påverkar opprettinga av institusjonar i løpet av væpna konflikter, noko forskarar har fokusert mindre på. Ved hjelp av feltarbeid i Colombia samt ein global analyse finn avhandlinga også samanhengar mellom institusjonar oppretta under og etter konflikt. For eksempel bidrog krigstribunal, sanningssøken og oppreising til ofre på 2000-talet til eit sterkare fokus på nettopp ofre samt eit auka offentleg krav om ansvarleggjering. Trass pågåande krig og mangelfulle omsyn til ofre, bidrog denne erfaringa til institusjonar med større repertoar og ambisjonar. Denne erfaringa spelte også inn i arbeidet med fredsavtalen frå 2016.

Slik som fredsavtalen generelt, har også desse institusjonane møtt fleire utfordringar i gjennomføringa. Denne avhandling viser mellom anna korleis valdsmønster påverkar folk i konflikt-råka lokalsamfunn sine oppfatningar og deltaking i desse institusjonane. Eit eksempel er korleis mengda overgrep, samt variasjon i valdsmønstre, gjer det utfordrande å gje oppreising til både direkte ofre og lokalsamfunn generelt. Eit anna eksempel er at fornya vald etter fredsavtalen i 2016 gjorde mange ofre varsame med å gje vitnesbyrd grunna frykt for represalier.